

# Rettleiar

## Naturmangfaldrapport (ikkje KU)

### Med sjekkliste

Alver kommune stiller krav om at konsekvensar for naturmangfald skal vurderast i alle plan- og byggesaker der tiltak råkar natur. Dette som følgje av naturmangfaldlova kapittel II. Arealforvaltninga skal hindre tap av raudlista artar og viktige naturtypar, samt hindre utbreiinga av framandarta (jf. [Forskrift om fremmede organismer](#)). Nye tiltak skal i minst mogeleg grad gje negative konsekvensar for naturmangfald.

**Hensikta med ein naturmangfaldrapport er at den skal dokumentere naturmangfaldet i planområdet, slik det er før tiltak igangsetjast. Den skal òg beskrive konsekvensar for naturmangfaldet som følgje av føreslått regulering. Dokumentasjonen skal tene som eit beslutningsgrunnlag for vidare planprosess.**

Naturmangfald definerast i Naturmangfaldlova (NML) som «*biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning*». Lovas føremålsparagraf fortel at NML er meint å sikre at økologiske prosessar og naturmangfald ivaretakast gjennom bærekraftig bruk og vern, òg slik at naturen dannar grunnlag for menneskets verksamhet, kultur, helse og trivsel, no og i framtida. I høve til lovatas § 2 gjeld NML for områder på land, inklusiv innsjøar og vassdrag, og i alle norske farvatn. Det er forbydd å iverksette tiltak i vassdrag utan tillatelse fra fylkesmannen eller fylkeskommunen (jf. [Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag](#)).

Plan- og byggesaker kan ha ulik arealbruk og ulikt innhald av naturmangfald. Derfor vil òg innhaldet i ein naturmangfaldrapport variere fra plan til plan. Som hovudregel skal innsjøar, vassdrag og våtmark bevarast av omsyn til naturmangfald, handsaming av overvatn og klimatilpasning.

Rettleiarene tar for seg tema som skal belysast i alle rapporter i større eller mindre grad.

## Felles for alle naturmangfaldrapportar

Rapporten skal innehalde eit oversiktskart som viser registrerte artar og naturtypar.

Naturmangfaldrapportar skal alltid omfatte artar med influensområde som råkar planområdet. Sjå f.eks. Artskart hos Artsdatabanken for oversikt over artar. Kva som er influensområdet må vurderast for den enkelte art. Naturleg kantvegetasjon skal sikrast langs vassdrag, fråvik krev fylkesmannens godkjenning. Dersom eit tiltak innebærer at naturmangfald blir råka og/eller områdets økologiske tilstand endrast, skal dette komme tydeleg fram i rapporten.

## Oppfølging av naturmangfaldlovas §§ 8-12

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld. 26 (2006-2007)). I følgje naturmangfaldlovas § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet. Under følgjer vurderingar etter §§ 8-12 i lova.

### Vurdering etter § 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Naturmangfaldlovas § 8 seier at kunnskapsgrunnlaget knytt til område der det er planar om nye inngrep skal vere vitskapleg basert. Samstundes skal kunnskapen som leggjast til grunn for verdi- og konsekvensvurderingar vere tilstrekkeleg og relevant for avgjersle.

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags landskap, økosystem, naturtypar eller artar vert råka av planen?	
Kva slags effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	
Korleis er tilstanden for landskapet, økosystem og utviklinga i tal på lokalitetar av naturtypane og bestandane på landsbasis og på staden?	
Føreligg det faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	
Føreligg det erfaringsbasert kunnskap (frå lokalsamfunnet, kommunar og andre myndigheter) om det aktuelle planområdet?	
Vil planen påverke truga og nært truga artar på Norsk raudliste for artar 2015?	
Vil planen påverke truga og nært truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018?	
Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar?	
Er det fremmadartar innanfor planområdet, og eventuelt korleis vert fjerning av fremmadartane handtert?	
Vil planen påverke verneområder, nærområda til verneområder, marint beskytta områder eller verna vassdrag (jf. Verneplan for vassdrag)	
Vil planen påverke tilstanden i sjø eller vassforekomstar? (Vurder i høve til bla: <a href="#">Rettleiar for vatn (NVE)</a> og «forskrift om rammer for vannforvaltningen»)	
Vil planen påverke utvalde kulturlandskap?	
Vil planen påverke miljøregistreringar i skog?	
Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)?	
Vil planen påverke område eller naturtypar som er spesielt verdifulle for naturmangfald?	

### Vurdering etter § 9 Føre-var-prinsippet

Føre-var-prinsippet gjeld for plan- eller byggesaker der kunnskap om det biologiske mangfaldet ikke er tilfredsstillande. I høve til [Naturmangfoldloven](#) (jf. §§ 8 og 9) kan kommunen om naudsynt krevja at tiltakshavar gjennomfører undersøkelsar med sikte på å forbetra kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapskravet skal stå i rimeleg forhold til saka sin karakter og risikoen for at det planlagde tiltaket kan skade naturmangfaldet.

Sentrale tema	Vurdering
Veit ein nok om landskap, økosystem, naturtypar og artar, og om kva slags verknadar det aktuelle tiltaket har for desse?	
Er det sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	

### Vurdering etter § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Naturmangfoldlova har gjennom § 10 innført eit krav om å vurdere sum verknadar av tekniske inngrep på biologisk mangfald. Det er gjeve ei nærmare omtale av korleis dette skal utførast i rettleiar T-1554 (Klima- og miljødepartementet 2016). Vurderingane skal bygge på kjend og tilgjengeleg informasjon om andre planar og utreda verknadar for naturmangfald, og skal vektlegge tiltakets verknadar for eventuelle førekommstar av verdifulle naturtypar (jf. Miljødirektoratet Handbok 13), utvalde naturtypar i høve naturmangfoldlova § 52, økosystem som er viktige økologiske funksjonsområde for trua artar i Norsk Raudliste 2015 og prioriterte artar i høve naturmangfoldlova § 23 (jf. Veileder Naturmangfoldlova kapittel II). Det skal vurderast om tilstanden og bestandsutviklinga til slike artar/naturtypar som nemnd over kan bli vesentleg råka. I vurdering av samla belastning bør det leggjast vekt på om det finst kommunale eller private planinitiativ eller andre tiltak som påverkar dei same naturtypane i området.

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags eksisterande tiltak eller bruk utgjer ei påverking på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	
Kva slags framtidige tiltak og bruk i landskapet eller økosystemet som ein har oversikt over kan utgjere ei påverking på naturtypar og artar?	
Kva vil den samla belastninga (effekten) av planen eller tiltaket vere, det vil sei eksisterande tiltak og bruk, planforslaget og framtidige tiltak og bruk?	
Kva veit ein om situasjonen for det naturmangfaldet som råkast på kommunenivå, fylkesnivå og på landsbasis?	
Mangler ein kunnskap om verknaden (effekten) av planen sin samla belastning for landskap, økosystem, naturtypar og artar? I så fall må § 9 tilleggast stor vekt.	

## Vurdering etter § 11 Tiltakshavar betalar

Naturmangfaldlovas § 11 pålegg tiltakshavar å bære kostnadane ved miljøforringelse. Det er tiltakshavar som dekker eventuelle kostnadene for å hindre eller avgrense skadar på naturmangfaldet. Kostnader som tiltakshavar kan kome til å måtte dekke, for å få tatt nødvendige naturmangfaldsomsyn kan vere:

- At tiltakshavar vert pålagt å betale for å skaffe meir kunnskap om naturmangfald.
- At tiltakshavar vert pålagt å overvake naturtilstanden.
- At tiltakshavar må velje ein meir kostbar og tidkrevjande teknikk, lokalisering eller driftsform.
- At tiltakshavar får gjennomføre tiltaket, men at det vert gjeve pålegg om retting eller avbøtande tiltak som reduserar eller minimerar skadane på naturmangfaldet.

## Vurdering etter § 12 Miljøforsvarlege teknikkar

I lovas § 12 er det gitt retningslinjer om at det skal veljast teknikkar, driftsmetodar og lokalisering som gjev det beste samfunnsmessige resultatet, der omsyn til naturmangfaldet er ein viktig faktor.

Anleggsfasen bør utførast så skånsamt og miljøvennleg som mogleg.

## Samla vurdering av naturmangfaldet

- Oppsummering av verknadar av tiltak.
- Eventuelle avbøtande tiltak for å minimere negative verknadar på naturmangfald.
- Korleis påverka tiltaket moglegheita for å nå forvaltningsmåla for naturtypar og artar i NML §§ 4 og 5?
- Vil tiltaket påverke områder eller naturtypar som er spesielt verdifulle for naturmangfald?

## Ressursar:

Overordna tema	Kjeldehenvisning
Biologisk mangfald	<a href="#">Naturindeks.no</a>
Fremmedartar (tidl. Svarteliste)	<a href="#">Fremmedartsdatabasen</a>
Kartlegging av viktige naturtypar (2018)	<a href="#">Kartleggingsinstruks</a>
Kartjenester	<a href="#">Gardskart</a> <a href="#">Artskart</a> <a href="#">Inngrepsfrie naturområder (INON)</a> <a href="#">Naturbase</a>
Innhente (erfaringsbasert) kunnskap	<a href="#">Norsk botanisk foreining</a> <a href="#">Norsk ornitologisk foreining</a> <a href="#">Norsk zoologisk foreining</a>
Naturtypar av nasjonalforvalningsinteresse	<a href="#">Vurdering av lokalitetskvalitet</a>
Norsk raudliste for arter (2015)	<a href="#">Raudliste for arter</a>
Norsk raudliste for naturtypar (2011)	<a href="#">Raudliste for naturtypar</a>
Rapportere artsobservasjonar	<a href="#">Artsobservasjonar.no</a>
System for inndeling og systematisering av naturen	<a href="#">Natur i Norge (NIN)</a>
Flom, skred, vassdrag, grunnvatn, energiproduksjon, framføring av elektrisk kraft	<a href="#">Vannportalen</a> (Hordaland) <a href="#">www.Xgeo.no</a> (NVE) <a href="#">Rettleiar for vatn (NVE)</a>